



Lindås kommune
Postmottak
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø
Att. Bernt Fjordheim

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
19 OKT 2018	
Arkivsaknr. 14/2011	Løpenr.
Saksnr.	Tilgangskode

16.10.2018

OPPSUMMERING AV MØTE VEDKOMMANDE MØTE OM:

- finansiering av dagplassar ved KIM AS.
- kommunal delbetaling for VTA tilsette med låg produksjonsevne.
- betaling for ny brukar på dagtilbodet ved KIM AS i perioden 13.10 – 31.12.2018

Frå Lindås kommune møtte einingsleiar Bernt Fjordheim. Frå KIM AS møtte dagleg leiar Morgan Taule

Finansiering av dagplassar ved KIM.

Det vart informert om at ein ved Gløde AS, Eufera AS og Oprp AS får kommunal betaling lik NAV tilskot + 25% . D.v.s. kr 13 231 + 3 308.- pr plass pr mnd, / kr 198 465.- pr år. Det vart informert om at for alle brukarar som nyttar meir enn 51 % av vanleg dagtid, vert det kravd betaling som for 100% bruk av plassane. Dette vil verte gjeldande satsar ein vert Alver kommune i 2020. Ein dagplass har ved denne betalingsmodellen då lik finansiering som ein ordinær VTA plass.

Dagplassar på KIM AS vert i dag godtgjort med kr 506 763.- for 5 personar. Dersom Lindås kommune hadde hatt ei av dei andre bedriftene som leverandør av dagplassar, ville dette ha kosta kr 992 325.- KIM AS vil som ei overgangsordning krevje å få kr 198 465. pr plass, men akseptere som ei overgangsordning å berre krevje betaling for faktisk avtala bruk av plassane. Frå og med august 2018 utgjer dette 4,4 plassar. Kravet frå januar er dermed då stort kr 873 246.- pr år (NB vil verte justert i samsvar med nye satsar frå NAV gjeldande for 01.01.2019.)

Kommunal delbetaling for VTA tilsette med låg produksjonsevne.

KIM AS har etter kvart fleire som er tilsett i VTA med låg produksjonsevne. Alder og progredierande grunnsjukdom gjer at arbeidsevnene hjå fleire no er nærast fråverande. KIM AS får i dag dobbel sats for to VTA tilsette. Det er i alle fall minst 3 andre VTA tilsette som er på same nivå eller lågare. Det vart i møte gjennomført ei «synfaring» der ein fekk sett på arbeidssituasjonen til dei nemnde personane. Einingsleiar fekk og samtala med arbeidsleiar for desse tre. Her vart det stadfesta med sjølvsyn at arbeidsevna er på nivå med dagplass i kommunen. KIM AS ser difor for seg ein gradvis overgang til kommunal finansierte dagplass for desse 3 VTA tilsette.

Inn til vidare er det eit stort behov for å få dobbel betaling for alle VTA tilsette som i dag har låg eller ingen arbeidsevne. Desse VTA brukarane bind opp store personalressursar og som igjen fører til at vi



ikkje klarar å nå produksjonsmål ved KIM AS. Beløpet KIM AS ber om er for tida kr 3308.- pr. mnd. pr. VTA tilsett.

KIM AS ser seg nøydt til å krevje høgare kommunal delbetaling frå 01.01.2018 og fram til ein får etablert overføring til dagplass.

Betaling for ny brukar på dagtilbodet ved KIM AS i perioden 13.10 – 31.12.2018

Viser her til samtalar med bestillerkontoret våren 2018, der det vart gjort enkeltvedtak om dagplass på KIM AS for ein ny brukar. Brukar har no nytta plassen 5 dagar for veka sidan oppstart den 13ande august 2018.10.16

Det vil verte sendt krav om betaling for denne brukaren med satsar som tidlegare vist.

Generelt:

Både Lindås kommune og KIM AS vil ha fokus på gode tenester for den einskilde og for kommunen. Me opplever begge å ha eit godt samarbeide, og at me saman finn dei beste løysingane. KIM AS ser for seg at ein ved overgang til ny kommune, får same rammevilkår som dei andre Vekstbedriftene kommunen har eigarskap i – Gløde AS og Aufera AS.

Med helsing

Morgna Taule
Dagleg leiar KIM AS